

# Kva betyr aldersgrensa?

A

## Tillaten for alle

Film som er tillaten for alle, skal ha ein neddempa lyd og effektbruk. Dei skal ikkje innehalde urovekkande scener, men filmene kan likevel ha nokre skumle element eller effektar dersom dei er kortvarige og skjer innanfor ei trygg ramme.

9

## 9-årsgrensa

Filmar som inneheld kortvarige og lite nærgåande valdsinnslag, kan få ei 9-årsgrense. Dette gjeld også filmar som har parti med mørk eller utrygg stemning. Du kan finne skremmande framtoningar og faretruande situasjonar i filmar med 9-årsgrense. Det same gjeld scener med ulykker, operasjonar, lite dramatiske dødsfall eller noko ustabile vaksenpersonar og utrygge familierelasjonar.

15

## 15-årsgrensa

Filmar med 15-årsgrense kan innehalde realistiske, autentiske eller nærgåande skildringar av vald og drap eller tilsvarande sterke skildringar frå krig, katastrofar og terrorhandlingar. Det same gjeld filmar med store mengder «actionvald» eller nærgåande seksuelle skildringar. I tillegg kjem filmar med angstskapande stemning og nærgåande skildringar av overgrep eller omsorgssvikt.

6

## 6-årsgrensa

Filmar som får 6-årsgrense, kan innehalde enkeltscener eller innslag som kan vere mørke eller truande, eller scener med dramatisk lyd og effektbruk. Korte nifse element blir tillatne innanfor ramma av «det gode gys» og valdsinnslag dersom dei er tydeleg humoristiske og overdrivne («slapstick»). Vanskelege og vonde tema kan bli tillatne dersom dei er framstilte neddempa eller tilpassa barn i aldersgruppa.

12

## 12-årsgrensa

Filmar med 12-årsgrense kan innehalde noko opprivande tematikk knytt til «vaksensfæren». Det kan for eksempel vere sterke kjensleutbrot eller seksuelle handlingar. Lite nærgåande skildringar av alminneleg seksualitet eller seksuelle skildringar på premissane til barn og unge kan få aldersgrense 12 år. Valdshandlingar eller kortare innslag med skrekkelement i ein urealistisk samanheng kan også få 12-årsgrense. Dette gjeld for eksempel filmar lagt til eit tydeleg fantasiunivers eller filmar som er satt i ei tydeleg komisk ramme. Også meir røyndomsnære skildringar kan bli tillatne dersom dei er lite nærgåande. Gjennomgåande grov dialog og humor kan også tilseie ein 12-årsgrense.

18

## 18-årsgrensa

Filmar med 18-årsgrense har eit særleg valdeleg eller seksuelt innhald eller bruker særleg sterke verkemiddel. Det kan vere store mengder grove, kyniske og detaljerte valdshandlingar, ofte i kombinasjon med eit særleg angstskapande uttrykk. Filmar med omfattande, eksplisitte og nærgåande seksuelle skildringar vil få 18-årsgrense. Dette gjeld også skildringar av vald og sex i kombinasjon.